

Referat frå møte i Forskings- og forskarutdanningsutvalet ved Institutt for framandspråk 25. september 2019

Tilstades:

Forskingskoordinator/ utvalsleiar: Åsta Haukås
Representantar for forskargruppene: Kjersti Fløttum, Eli Moe
Representantar for språkdisiplinane: Marco Gargiulo, Shouhui Zhao
Representant for fagdidaktikkdisiplinane: Xavier Llovet Vilà
Representantar frå gruppe B (2 stk): Johanne Kalsaas, Eirik Hovden
Sekretær for FFU: Karoline Aksnes

Ikkje tilstades:

Torgeir Skorgen, Laura Sætveit Miles, Margery Vibe Skagen, Lene Johannesen

Sakliste

- I. Godkjenning av innkalling og sakliste**
Godkjent.
- II. Referat fra FFU 15 mai 2019 (vedlegg 1)**
Ingen kommentarar.
- III. Orienteringssaker:**
 - A. Presentasjon av ny PhD-koordinator og sekretær for FFU, Karoline Aksnes**
Kort presentasjon av ny phd-koordinator Karoline Aksnes.
 - B. Nye tilsette i forskarstillingar**
Utvalsleiar Åsta Haukås informerte kort om nye vitenskapleg tilsette ved IF. Desse er:
Joseph Paul Tabbi, førsteamanuensis engelsk (fast stilling).
Alessandro Carlucci, fireårig post dok. italiensk språk.
Katherine Zieman, fireårig post dok. engelsk litteratur.
Nassim Saleh Obeid førsteamanuensis i arabisk (mellombels stilling).
 - C. HMS-dag for stipendiatar 23. oktober**
Utvalsleiar informerte kort om planane for ein HMS-dag for stipendiatane ved IF i oktober. Det kom fram på møtet at Stip-HF arrangerer ein tilsvarande dag veka før.
 - D. Samling for postdocs på Solstrand 28.-29- november**
Utvalsleiar informerte kort om dette arrangementet.
 - E. Temamøte om søknadsskriving 19. september**

Utvalet var samde om at dette arrangementet var positivt. Det vart trekt fram at temaet vert ekstra interessant når vi får presentert konkrete erfaringar frå folk som vi kjenner.

Med tanke på eventuelle framtidige møter kring dette temaet, vart det føreslege å dele møtet mellom to ulike grupper tilhøyrarar; ei gruppe for dei som har erfaring med slike søknadsprosessar frå før, og ei anna gruppe som er mindre erfarne. Dette vart grunngeve med at dei ulike gruppene har ulike spørsmål og behov for informasjon.

F. Referat frå møte i FFU ved fakultetet (vedlegg 2)

Ingen kommentarar.

IV. Diskusjonssak: Utkast til ny strategi og tiltaksplan for IF 2020-2022. Innspel til forskingsdelen (vedlegg 3)

Utvalet gjekk gjennom utkastet til ny strategi, og kom med forslag til endringar av teksten. Utvalsleiar vil ta forslaga og kommentarane frå utvalet med seg attende til instituttleiinga.

V. Eventuelt

Det var ingen saker under aktuelt.

Åsta Haukås

Forskningskoordinator

Karoline Aksnes

Phd-koordinator

(For vedlegg, kontakt sekretær for FFU Karoline Aksnes på karoline.aksnes@uib.no)